



## Møteprotokoll for Kommunestyret

**Møtedato:** 09.05.2019  
**Møtestad:** Kommunehuset  
**Møtetid:** 09:00 - 17:45

Temasekvens vindkraft i samband med kommunestyremøte 9.mai  
Innleiing og sentrale forhold kring NVEs framlegg av 1.april 2019 (12.30 – 13) «Høring – NVE's forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land»

Innlegg ved;

- BKK v/Olav Osvoll, adm.dir BKK produksjon as 13 – 13.30
- Norsk vind v/Espen Borgir Christophersen, Prosjektutvikler - Norsk Vind Energi AS 13.30 – 14
- Bergen og Hordaland turlag v/dagleg leiar Helene Ødven kl. 14 – 14.30
- samfunnsøkonom og professor emeritus i energiøkonomi ved NHH, Einar Hope kl. 14.30 – 15
- Ordførar Wenche Tislevoll, Fitjar kommune og leiar LNVK kl.15 – 15.30
- Kommunestyret drøftar vidare prosess og innspel til høyringsaka

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordførar
Frode Langhelle	H	Medlem
John Torsvik	H	Medlem
Atle Nordland	H	Medlem
Wenke Fredheim Ekren	H	Medlem
Lene Hansen Kvamsdal	H	Medlem
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordførar
Ragnvald Tangedal	AP	Medlem
Arthur Reidar Sjursen	AP	Medlem
Bjørn Egil Nordland	AP	Medlem
Jon Hope	Krf	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Wenche Daa	Sp	Medlem
Janne Judith K. Sandnes	Frp	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Bjarte Andvik	H	Medlem

Egil Kvingedal	V	Medlem
----------------	---	--------

<b>Frammøtte varamedlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Erstatter medlem</b>
Kurt Henning Oppedal	H	Bjarte Andvik
Tove Kristin Sleire Tistel	V	Egil Kvingedal

---

**Følgjande frå administrasjonen møte:**

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ass.rådmann Sveinung Toft og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som førte møteboka

---

## Sakliste

Saknr	Tittel
017/2019	Godkjenning av innkalling og sakliste
018/2019	Godkjenning av møtebok
019/2019	Årsrekneskap 2018 - Masfjorden kommune
020/2019	Årsmelding Masfjorden kommune 2018
021/2019	Kommuneplanen sin arealdel 2018 - 2030 for Masfjorden kommune - 2 gangs handsaming
022/2019	Reparasjon av tak –Masfjorden båt- og sjøbrukssamling
023/2019	Skuleskyss Masfjordskulane kommunalt vedtak
024/2019	Endring av skulekringsgrensene mellom Matre og Nordbygda skular
025/2019	Utviding av IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap – samarbeidsavtale § 19
026/2019	Delegerte saker
027/2019	Referatsak
028/2019	Høyring nasjonal rammeplan for vindkraft på land

## **017/2019: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjend

### **09.05.2019 KOMMUNESTYRET**

Opplegg i tråd med det eit samla formannskapet la opp til i møte 29.4, temasekvens med innlegg og drøfting i kommunestyre kring NVEs høyring av 1.4.19, sak med høyringsvar juni/(september), og vindkraft er hovudtema i dagens kommunestyre og vi kan opprette formell sak. Torill Torsvik Størkersen (Ap) bad om at det vart oppretta sak i kommunestyret som gjeld vindkraftsaka. Kommunestyre slutta seg samla til dette.

Siri Tangedal Kratzmeier (KrF) stilte spørsmål om Frode Langhelle (H) er inhabil i vindkraftsaka. Langhelle gjekk frå møtet. Rådmannen svara:

Med bakgrunn i førespurnad frå KrF kring habiliteten til kommunestyrerepresentanten Frode Langhelle i samband med vindkraftsaka, har rådmann gjort ei vurdering av habilitet med bakgrunn i forvaltningslova § 6, samt kommunelova § 40 nr. 3, og rettleiar frå kommunaldepartementet (samt dialog med Fylkesmannen i Vestland). Konklusjon er at Frode Langehelle er habil til å delta i førebuing og handsaming kring høyringsaka som OED har sendt på høyring med høyringsfrist 1.10.2019, etter NVE's forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land

Det vart røysta. Det vart samrøystes (16 røyster) vedteke at Frode Langhelle var habil til å vere med å behandle vindkraftsaka som er på høyring.

Det vart gjort framlegg om Kurt Henning Oppedal og Torill Torsvik Størkersen til å godkjenne møteboka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **KS - 017/2019 VEDTAK:**

#### **Innkalling og sakliste vert godkjend**

---

## **018/2019: Godkjenning av møtebok**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok vert godkjend.

### **09.05.2019 KOMMUNESTYRET**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **KS - 018/2019 VEDTAK:**

#### **Møtebok vert godkjend.**



## **019/2019: Årsrekneskap 2018 - Masfjorden kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Årsrekneskapen 2018 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre.

Investeringsrekneskapen for 2018 er i balanse.

Driftsrekneskapen for 2018 viser eit rekneskapsmessig (overskot) mindreforbruk på kr 3 592 112,76.

Rekneskapsmessig mindreforbruk vert disponert slik :

a) kr 2.313.112,76 vert avsett til disposisjonsfond (drift)

b) kr.1.000.000 vert avsett ubundne investeringsfond

c) kr 279 000 vert sett av til velferdstiltak for tilsette.

### **09.05.2019 KOMMUNESTYRET**

Revisjonsjef Janne Eraker møtte til denne saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **KS - 019/2019 VEDTAK:**

**Årsrekneskapen 2018 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre.**

**Investeringsrekneskapen for 2018 er i balanse.**

**Driftsrekneskapen for 2018 viser eit rekneskapsmessig (overskot) mindreforbruk på kr 3 592 112,76.**

**Rekneskapsmessig mindreforbruk vert disponert slik :**

**a) kr 2.313.112,76 vert avsett til disposisjonsfond (drift)**

**b) kr.1.000.000 vert avsett ubundne investeringsfond**

**c) kr 279 000 vert sett av til velferdstiltak for tilsette.**

---

## **020/2019: Årsmelding Masfjorden kommune 2018**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune si årsmelding for 2018 vert teken til vitring

### **29.04.2019 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 029/2019 VEDTAK:**

Masfjorden kommune si årsmelding for 2018 vert teken til vitring

### **09.05.2019 KOMMUNESTYRET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **KS - 020/2019 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune si årsmelding for 2018 vert teken til vitring**

---

## **021/2019: Kommuneplanen sin arealdel 2018 - 2030 for Masfjorden kommune - 2 gangs handsaming**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Kommuneplanen sin arealdel 2018 – 2030 vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 11-15 godkjent.

Det vert vist til planskildring, føresegner og arealplankart dagsett 29.01.2019.

### **11.02.2019 FORMANNSKAPET**

Oppmålingsingeniør Kjersti Soltvedt orienterte om saka og arbeidet med kommuneplanen.

Saka vart drøfta.

Formannskapet bad om at følgjande innspel vart innarbeidd i plankartet:

Byggjegrensa vert justert på gnr 17 bnr 9, 13 og 14.

#### Grunngjeving:

- Dette vert gjort for å sikre fortetting i bustadfelt på eksisterande tomter
- Justeringa tek omsyn til funksjonelle strandsoneverdiar og landskapet i området
- Byggjegrensa skiplar ikkje verdifull strandsone

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møtet:

Saka vert sendt attende til administrasjonen for oppdatering av plankartet før saka kjem opp på nytt i neste formannskap.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes vedteke.

### **FS - 013/2019 VEDTAK:**

Saka vert sendt attende til administrasjonen.

### **29.04.2019 FORMANNSKAPET**

Oppmålingsingeniør Kjersti Solvedt møtte til denne saka og gjekk gjennom endringar som var gjort i arealkartet og føresegnene sidan formannskapet behandla saka i 11.feb.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 024/2019 VEDTAK:**

Kommuneplanen sin arealdel 2018 – 2030 vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 11-15 godkjent.



Det vert vist til planskildring, føresegner og arealplankart dagsett 29.01.2019.

#### **09.05.2019 KOMMUNESTYRET**

Ass.rådmann Sveinung Toft orienterte.

John Torsvik (H) sette fram følgjande framlegg til endring:

§ 4.8.2 Estetikk 2.avsnitt, 2.setning vert endra til:

Det skal vere tradisjonelle dører i naustet.

§ 4.8.2 Estetikk - 3.avsnitt, 2.setning vert endra til:

Det bør nyttast tradisjonelle byggmaterielle., jf pbl §11-10 nr 2.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet med rettinga frå H sett fram i møte vart samrøystes vedteke.

#### **KS - 021/2019 VEDTAK:**

**Kommuneplanen sin arealdel 2018 – 2030 vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 11-15 godkjent med følgjande endring:**

**§ 4.8.2 Estetikk 2.avsnitt, 2.setning vert endra til:**

**Det skal vere tradisjonelle dører i naustet.**

**§ 4.8.2 Estetikk - 3.avsnitt, 2.setning vert endra til:**

**Det bør nyttast tradisjonelle byggmaterielle., jf pbl §11-10 nr 2.**

**Det vert vist til planskildring, føresegner og arealplankart dagsett 29.01.2019.**

---

## **022/2019: Reparasjon av tak –Masfjorden båt- og sjøbrukssamling**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune løyver kr 279 000 til reparasjon av tak på Masfjorden båt- og sjøbrukssamling. Midlane vert henta frå disposisjonsfondet.

### **29.04.2019 FORMANNSKAPET**

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 025/2019 VEDTAK:**

Masfjorden kommune løyver kr 279 000 til reparasjon av tak på Masfjorden båt- og sjøbrukssamling. Midlane vert henta frå disposisjonsfondet.

### **09.05.2019 KOMMUNESTYRET**

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **KS - 022/2019 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune løyver kr 279 000 til reparasjon av tak på Masfjorden båt- og sjøbrukssamling. Midlane vert henta frå disposisjonsfondet.**

---

## **023/2019: Skuleskyss Masfjordskulane kommunalt vedtak**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune dekker skuleskyssen for 1. klassingar som har kortere skuleveg enn 2 km og for 2. til 4. klassingar som har kortere veg enn 4 km, der skulevegen vert definert som farleg eller vanskeleg.

Følgjande strekningar vert definert som farlege:

Trodalen – Matre skule

Kvamme /Elvik – Sandnes skule

Krysset Areklett Skjelsundet – Nordbygda skule

Krysset Molland – Nordbygda skule

Rekneset – Nordbygda skule

Følgjande strekning vert definert som vanskeleg:

Molland til kryss Fylkesveg

Rådmannen får fullmakt til å jobba vidare med å optimalisera skuleskyssen for elevane som bur i Fossdalen til den skulen dei er mest tent med å gå på.

Rådmannen får fullmakt til å jobba vidare med at Skyss godkjenner skuleskyssen for elevane i Trodalen som ordinær skyss.

### **09.05.2019 KOMMUNESTYRET**

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen møtte til denne saka.

Lene Hansen Kvamsdal (H) spurte om ho var inhabil sidan ho har barn som vert berørt av framlegg til vedtak. Kvamsdal gjekk frå møtet. Det vart samrøystes vedteke at ho var habil i saka.

Saka vart drøfta.

Jon Hope (KrF) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Saka vert sendt tilbake til administrasjonen for vidare utgreiing.

Framlegg til vedtak frå KrF vart samrøystes vedteke.

### **KS - 023/2019 VEDTAK:**

**Saka vert sendt tilbake til administrasjonen for vidare utgreiing.**

---

## **024/2019: Endring av skulekrinsgrensene mellom Matre og Nordbygda skular**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

#### **29.04.2019 FORMANNSKAPET**

Formannskapet diskuterte skuleskyssaka som skal opp i kommunestyret 9.mai. For å kome vidare i dialogen med Skyss, bad formannskapet om at det vart oppretta ny sak i møtet som gjeld endring av skulekrinsgrensene mellom Matre og Nordbygda skular.

Formannskapet sette så fram følgjande framlegg til vedtak i møtet:

Skulekrinsgrensa mellom Matre og Nordbygda skular vert endra slik at elevane på Eikemofoss og Fossdalen høyrer til Nordbygda skule.

Framlegg til vedtak sett fram i møtet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

#### **FS - 030/2019 VEDTAK:**

Skulekrinsgrensa mellom Matre og Nordbygda skular vert endra slik at elevane på Eikemofoss og Fossdalen høyrer til Nordbygda skule.

#### **09.05.2019 KOMMUNESTYRET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

#### **KS - 024/2019 VEDTAK:**

**Skulekrinsgrensa mellom Matre og Nordbygda skular vert endra slik at elevane på Eikemofoss og Fossdalen høyrer til Nordbygda skule.**

---

**025/2019: Utviding av IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap – samarbeidsavtale § 19**

**Rådmannen sitt framlegg:**

1. Masfjorden kommune vedtar at **IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap** vert utvida med kommunane Austevoll, Gulen og Samnanger.
2. Masfjorden kommune vedtar samarbeidsavtalen for **IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap** slik den ligg føre.

**29.04.2019 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

**FS - 026/2019 VEDTAK:**

1. Masfjorden kommune vedtar at **IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap** vert utvida med kommunane Austevoll, Gulen og Samnanger.
2. Masfjorden kommune vedtar samarbeidsavtalen for **IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap** slik den ligg føre.

**09.05.2019 KOMMUNESTYRET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KS - 025/2019 VEDTAK:**

1. Masfjorden kommune vedtar at **IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap** vert utvida med kommunane Austevoll, Gulen og Samnanger.
  2. Masfjorden kommune vedtar samarbeidsavtalen for **IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap** slik den ligg føre.
-

## **026/2019: Delegerte saker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Delegerte saker vert tekne til orientering

## **09.05.2019 KOMMUNESTYRET**

Delegerte saker:

1. Høyringsuttale om anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidler til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020-2024

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **KS - 026/2019 VEDTAK:**

**Delegerte saker vert tekne til orientering**

---

## **027/2019: Referatsak**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Referatsaker vert tekne til orientering

### **09.05.2019 KOMMUNESTYRET**

#### Grunngjevne spørsmål:

Janne-Judith K. Sandnes sette fram følgjande framlegg:

Masfjorden FrP har tidlegare vore i kontakt med Statens vegvesen i samband med ønskje om å få lys i Hostelandstunnelen. Vi har etterspurt eit prisoverslag på ein modell som kan gjennomførast i regi av Masfjorden kommune og andre aktørar (næringsliv, lag og organisasjonar) som spleiselag. Helge Gilberg i Statens vegvesen har gitt oss ein modell og eit prisoverslag på dette.

Masfjorden FrP vil i kommunestyremøte komme med følgjande framlegg:

1 mill. av overskotet vert sett av til lys i tunellar iht. Trafikksikringsplan ved skulekrinsane.

Lys vert sett opp i tunnelane etter denne rekkefølge:

1. Hostelandstunnelen Fv. 570
2. Trysdaltunnelen FV. 383
3. Tirnestunnelen FV. 383

Masfjorden FrP ønskjer å sette ned ei prosjektgruppe som skal arbeide med detaljar og gjennomføring.

Politisk (FrP), teknisk (sjef), formannskap/ordfører/varaordfører

Kommunestyret samla seg om at rådmannen skulle jobbe vidare med dette forlaget basert på dialogen med vegvesenet.

#### Referatsaker:

- skriv 1: Protokoll Regionråd 2-2019, fredag 22.mars
- skriv 2: Protokoll frå 30.04.2019 - møte Kontrollutvalet Masfjorden kommune
- skriv 3: Gjeld Utbyggingsavtale Liarinden
  - Kommunestyret slutta seg samla til forslaget til medfinansiering frå utbygger
- skriv 4: Rapport til eigarane av NHR IKS og IHR

#### Orientering frå ordførar:

Masfjordsambandet – status og no-situasjonen

Ordførar orienterte om dialog med konsulentfirma for å styrke oppfølging av prosjektet for for å sikre politisk gjennomslag for å realisere prosjektet. Kommunestyret ga klarsignal for avtale inntil 100.000 i nettokostnad

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **KS - 027/2019 VEDTAK:**

**Referatsaker vert tekne til orientering**

---

## 028/2019: Høyring nasjonal rammeplan for vindkraft på land

### Rådmannen sitt framlegg:

#### 09.05.2019 KOMMUNESTYRET

Temasekvens vindkraft i samband med kommunestyremøte 9.mai

Innleiing og sentrale forhold kring NVEs framlegg av 1.april 2019 (12.30 – 13) «Høring – NVE's forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land»

Innlegg ved;

- BKK v/Olav Osvoll, adm.dir BKK produksjon as 13 – 13.30
- Norsk vind v/Espen Borgir Christophersen, Prosjektutvikler - Norsk Vind Energi AS 13.30 – 14
- Bergen og Hordaland turlag v/dagleg leiar Helene Ødven kl. 14 – 14.30
- samfunnsøkonom og professor emeritus i energiøkonomi ved NHH, Einar Hope kl. 14.30 – 15
- Ordførar Wenche Tislevoll, Fitjar kommune og leiar LNVK kl.15 – 15.30
- Kommunestyret drøftar vidare prosess og innspel til høyringssaka

-----  
John Torsvik (H) sette fram følgjande innspel til høyring nasjonal vindkraft på land:

Kommunestyret registrerer at det stor uro kring forslaget som omfattar foreslåtte areal i store delar av Masfjorden kommune. Fjonfjella mellom Romarheimsdalen, Masfjorden og Austfjorden er eit område som NVE også påpeikar i høyringsutkastet er for dårleg utgreidd. Dette er eit stort område som er inngrepsfritt og som har fleire nasjonale vernerestriksjonar og såleis svært sårbar. Når det gjeld områda vest og nord for Masfjorden mot Gulen og Høyanger er desse av ein slik karakter at areal for vindkraft vil forringe anna bruk av naturen som landbruk, friluft og reiseliv. Det same gjeld øyområda nord for Fensfjorden.

Masfjorden kommune har vedtatt ny revidert kommuneplan for 2019 – 2023 der det ikkje er opna opp LNF areal for vindkraft.

Masfjorden kommunestyre vil gjere eit grundig arbeid med høyringsuttalen for «Nasjonal ramme for vindkraft på land» og komme attende med denne innan juni i år.

Masfjorden kommunestyre har mottatt høyringsutkast frå NVE «Nasjonal ramme for vindkraft på land» med høyringsfrist 1. okt. 2019. Masfjorden kommunestyre set ned ei arbeidsgruppe av alle partia i kommunestyret som arbeider fram eit felles forslag til neste møte i juni. Gruppen består av:

Torill Torsvik Størkersen sett fram følgjande innspel, fellesframlegg Ap, Frp, Krf, Sp, og V, til høyring nasjonal vindkraft på land:

- **Rammeområde Nordhordland og Gulen (Analyseområde 18) i Nasjonal ramme for vindkraft skal takast ut av planen, grunngeve i følgjande punkt:**



- Naturen som ikkje er utbygd eller lite utbygd i Masfjorden, er av så stor lokal, regional og nasjonal verdi for friluftsliv/ reiseliv, at den ikkje bør byggjast ut til vindkraftformål. Her må spesielt Fjonfjella vest for Romarheimsdalen, Stordalen/ Kringla – området, og fjellområdet vest for Ynnesdalsvassdraget; Myrdalen, utmarka til Tangedalen og Rambjørg nemnast. Resten av området er mjuke og harde eksklusjonar og lite eigna for utbygging. Masfjorden har med det ingen restområder igjen som kan regulerast til vindkraftutbygging.
- Topografien er svært kupert og lite eigna til å etablere vegar og oppstillingplassar for vindmøller i store delar av dette arealet. Inngrepa i landskap vil verte for store.
- Artsmangfaldet må vernast, særleg med omsyn til ørnebestanden i området.
- **Masfjorden kommune kjem ikkje til å dispensere frå ny kommuneplan for å byggje vindkraftverk i fjellheimen vår.**

#### Framlegg til prosess:

- Ei gruppe med 1 representert frå kvart av partia vert sett ned og jobbar fram ei felles høyringsinnspel til Nasjonal ramme for vindkraft.

-----

Kommunestyret jobba fram følgjande arbeidsgruppa i møtet:

- Torill Torsvik Størkersen, Ap
- Geir Egil Haugsvær, Sp
- Janne-Judith K Sandnes, FrP
- Tove Kristin Sleire Tistel, V
- Siri Tangedal Kratzmeier, Krf
- John Torsvik, H
- rådmannen stiller med sekretærfunksjon til gruppa

Uttale må ligge føre innan 7.juni for å nå utsendinga av formannskaps- og kommunestyrepapir til junimøta.

**KS - 028/2019 VEDTAK:**

-----

Rett utskrift frå møteboka frå kommunestyre 09.05.19 vert vitna:

---

Karstein Totland  
ordfører

---

Kurt Henning Oppedal  
kommunestyremedlem

---

Torill Torsvik Størkersen  
kommunestyremedlem